



FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 2 - APRIL 2022
ÅRGANG 45



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider vekedagar
kl 1000-1130 og 1230-1500

Kyrkjevevje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Roald Drønen 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Brit Kannelønning Olsen (vikar)
briols@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Wenche A. Helland 901 33 397

Leiar Diakoninemnd:

Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet/kyrkjebladet

(Skriv om du vil øymerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805

Framsidedeilete:

Altartavle Fjelberg kyrkje (sjå siste side)

Redaksjonelt



Heilag forvirring

”

Då skunda dei seg
bort frå grava, redde,
men jublande glade;
og dei sprang av stad
for å fortelja det til
læresveinane. Og sjå,
Jesus kom i mot dei og sa:
«Ver helsa!»
(Matt. 28, 8-9a)



Roald Drønen

Påskedagen si sigersmelding er makelaus, fantastisk, ja, utruleg! Det er fullstendig forvirring i kjenslene hos kvinnene ved grava. Frykt og glede på same tid. Venene er rådlause, dei kjenner på nederlag, dei er uendelege treige til å tru. Når vitna påskedag fortel kva dei har opplevd, er forteljningane fri for skryt. Forteljninga har ein, og berre ein helt.

Biskop Per Lønning har har fabulert litt over dette. Evangelistane sine forteljingar om det som skjedde påskedagen spiker i alle retningar. Ein evangelist fortel om to kvinner som kjem til grava og opplever ein engel stiga ned, veltar frå steinen og talar til dei. Ein annan av evangelistane fortel om tre kvinner som finn ei open grav og møter ein «ungdom» sitjande der inne – dei flyktar frå grava i vill redsle og seier ikkje noko til nokon. Lukas seier ikkje noko om talet på kvinner, men seinare gjev han namnet på tre, og desse får møta to menn i skinande klede og er heilt forvirra. Johannes let Maria Magdalena gå åleine til grava. Ho ser at steinen er borte og skundar seg å melda frå til Peter. Seinare



kjem Jesus og møter henne, men ho kjenner han ikkje før han seier namnet hennar.

Det er fullstendig kaos av motseiingar. Vitnesbyrda fortel om total forvirring over det dei hadde opplevd, samstundes som dei er heilt uavhengige av kvararande. Men dei er så i detalj samsvarande i hovudsak at dei ville stå sterkt i ein rettssal.

Alf Nordhus, ein av Noregs mest kjende forsvarsadvokatar i si tid, sa til ein kollega: «Hadde evangelistane vore samstemte, ville eg som jurist tenkt at dette er noko dei i fellesskap har «kokt i hop over ein kopp kaffi», men sidan dei er ulike og ikkje samstemmer i detalj, er det truverdig.»

Det som er felles for alle fire evangelistane er: Den tomme grava og fullstendig forvirring – og i siste omgang, læresveinane sitt møte med den oppstadne og deira oppleving av den store glede.

Når Gud handlar, kjem underet som det komplett ufortente som ingen kan tenkja. Me kan ikkje forklara kvifor og korleis, men me vert konfronterte med eit faktum: Den levande Jesus som ikkje lenger høyrer heime i grava.

Til dette kan me og den verdsvide kyrkja ropa: «Halleluja!»

Gledeleg påskehøgtid!

Dine hender er fulle av blomar

T: Anders Frostenson / Lars åge Lundberg / M. Giombini / S. Ellingsen

*Dine hender er fulle av blomar.
Kven var det du tenkte å gje dei til?
Mine blomar var plukka til Jesus.
Grava fann eg tom. Han var ikkje der.
Halleluja (4x)*

*Dine lepper er fulle av songar.
Kvifor denne glede, kvar kom ho frå?
Frå den grava der lekamen kvilte –
han stod opp, og verda vart fylt med song.
Halleluja (4x)*

*Dine augo er fulle av glede.
Sei, kva har dei sett for å få slik glans?
Dei har sett Herren Jesus! Han lever!
Han gjev livet meaning og ljøs kvar dag.
Halleluja (4x)*

*Nei, det trengs ingen blomar til grava!
Jesus, du stod opp og du bur blant oss!
Våre augo er til for å sjå deg.
Hendene er til for å tene deg.
Halleluja (4x)*

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad



Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 10. juni til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 22. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Der livet møter teksten

Benedicte Meyer

Dette var overskrifta for temakvelden 24.2., der Dina Willemse delte med oss ei rekke refleksjonar rundt bibeltekstar, tru og menneskeleg undring. At ho skildra trua som ein boltreplass for alt det som er menneskeleg, vart for meg ei ny og livgjevande måte å sjå ting på. Eg vil tru at mange opplevde nye vinklingar på kjende tekstar og trusforestillingar.

Samstundes plasserer ho seg i ein lang og trygg tradisjon ved å vise til Luther, som når han las Bibelen, aktivt prøvde å leite i tekstane etter «det som peika på Kristus». For meg vart denne kvelden like mykje ei preike som eit foredrag, og like mykje ei samling viktige spørsmål som eit sett med fasitsvar.

For mange av oss er det befriande å høyre ein prest snakke om at ho har vore redd for Gud, eller at ho har opplevd at det å bli kristen kan hende er noko som skjer på nytt og på nytt, at det ikkje er noko statisk som har skjedd ein gong for alle.



Foto: Torbjørn Hovland

Det er heller ikkje noko sjølvsgatt at trua kan leve utan næring eller dyrking. Det vart ein flott og inspirerende kveld – eg håpar Grorud menighet i Oslo veit å setje pris på presten sin!

Egg og nytt liv

Egg er eit urgamalt symbol for fruktbarhet; for nytt liv og grøde. No skjer det noko godt! Difor passar det også godt til påska, særleg til morgonen for oppstoda - og til å feira alt som spirer fram om våren.

Roald Drønen

At verda blei skapt eller klekt frå eit egg, står å lesa i fleire opphavsmyster. Egg er tradisjonelt blitt gjeve som gåve til nyfødde. Den gule plomma i egget kan stå for sola som gjev varme og liv om våren. Våren er også årstida då fuglar legg egg, og var tradisjonelt tida då høner tok til å verpa igjen etter vinteren.

Den kristne kyrkja hadde tidleg eit forbod mot å eta egg under fasten, eller i det minste den stille veka. Egg som blei lagde i denne tida, blei tekne vare på og

ofte pynta, til dømes farga raude, til minne om blodet Jesus ofra på krossen, eller som

eit uttrykk for gleda over oppstoda hans. Med sitt løfte om liv innanfor skalet har egg i kristen tradisjon blitt ståande for oppstoda til Jesus. Det som er både lukka og hardt, inneheld spira til noko nytt. Ein dag sprengjer det nye, levande seg ut av egget, slik Jesus sprengde seg ut av grava. Dei tre elementa som utgjer eit egg: Skal, plomme og kvite, er også blitt sett på som eit symbol for treeininga.



Med konfirmantane i alpinbakken



Foto: Roald Drønen



Anna Fitjar Hjelle, Tuva Aarbø og Hildegunn Olsen Aadland i bakken.

Foto: Gunn Evy Henriksen

Sol frå skyfri himmel, rikeleg med snø og nydelege løyper møtte konfirmantane frå Fitjar på skidag i snø-sikre Røldal.


Roald Drønen

Med nokre få forfall var alle konfirmantane på plass då bussen gjekk frå Fitjar 07.45.

Ein herleg dag i nypreparerte løyper utan vind (det er litt uvanleg i Rødalsfjella) skapte påskestemming midt i mars. Vi såg nokre andre ungdomar i bakken som let solstrålene skina på bar overkropp (kva gjer ein ikkje for å bli sett).

Mange av konfirmantane våre fekk prøva seg i dei brattaste bakkane, og andre som ikkje hadde stått så mykje på ski før, fekk kjenna på gleda av at dei gjorde store framsteg.

Stemminga og engasjementet var på topp blant ungdomane heile tida, sjølv om heimturen om Sandvikvåg vart forlenga av lyngrannen i Hungersdalen.



Følg lyset!

Jesus tala til folket og sa: «Eg er lyset for verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Joh 8,12

Herman Inge Aadland

Ei marschelg for ein del sidan år sidan var Hildegunn og eg på festreis til den første tenestestaden vår, Jostedal prestegjeld i Indre Sogn. Me var høgtidleg bedne til orgelvigsle i Fet kyrkje. Og det vart ei verkeleg festhelg både i kyrkja og saman med gode, trufaste vener frå tida der oppe

Me køyrde Vikafjellet begge vegar. På veg oppover var det snøstorm på fjellet. Difor var vegen stengd med bom øvst i Myrkdalen. Fjellet stod i eit einaste røk. Men me var ikkje utan von. Hjelp var under vegg – brøytebil med dyktig sjåfør og kjentmann. Han kom frå Sognesida med ei lita kolonne. Og så kunne me hekta oss på andre vegen. Det vart ein spennande tur over fjellet. Til tider såg me ingen ting anna enn blinka der framme. Ikkje brøytekantar eller kantstikker. Og ingen himmel var å sjå. Me visste knapt kor me var. Men me fylgde lyset gjennom foket til me var trygt over fjellet, og den vakre Sognefjorden lyste mot oss i tidleg kveldsol.

Turen vart ei preike om han som er lyset for verda, livsens lys. Det hadde ikkje vore tilrådeleg for oss å kryssa fjellet på eiga hand. Det var difor vegen var stengd med bom.

Å kryssa livet sine fjordar og livet sine fjell utan Jesus er også utilrådeleg. Å reisa utan LYSET gjennom livet og mot æva er ein sjanseseglas eg verken kan eller vil ta. For min eigen del har eg etter kvart opplevd både hardare stormar og drygare smellar enn eg set pris på. Slik er livet for dei fleste. Men midt i stormane og prøvingane har han som er LYSET vore der, anten eg kjende det eller ikkje. Eg fattar ikkje kva eg skulle halde fast i om ikkje HAN heldt meg fast. Somme tider var det berre som dette blinklyset på Vikafjellet. Men det var nok. Og det er nok!

Han skal lysa også i dei stormane som måtte liggja framom. Eg veit jo godt at dei må komma. Det er ikkje råd å gå utanom eller gå klar. Og når den siste stormen ein gong skal blåsa livsanden ut or den forgjengeleg kroppen min, har eg den vona at Jesus lyser meg «i land til den livsæle strand, fram til det liv som skal vara», slik me syng i salmen «Ljos over grav».

Kjære lesar, lat Kristus lysa for deg! Lat han dra deg trygt og varmt inn i påskehendinga, dette kjærleikens under som opnar himmelen og æva for oss.

”

***Vakna, du som søv,
stå opp frå dei døde,
og Kristus skal lysa for deg.***

Ef 5,14

Ha ei varm, rik og meningsfull påskehøgtid!
Og velkommen til gudstenester og samlingar!



*Kristi
himmelfartsdag
for alle*

Venestemna for Fitjarbygdene på Kristi himmelfartsdag har ein lang tradisjon i kommunen vår. Eldre folk meinte at første stemna vart halden i 1937, men tradisjonen kan vera endå eldre.

Roald Drønen/Harald Johan Sandvik

Stemna har i alle år gått på rundgang mellom bedehusa i bygda.

Etterkvart har det blitt vanskeleg for dei mindre krinsane å ta på seg eit

så stort arrangement. Det siste året har det vore samtalar om framtida for stemna, og det er stor semje om at venestemna heretter vert i Fitjar bedehus kvart år. Men i arrangementet vil ein knyta til seg folk frå alle deler av Fitjar.

Venestemna har vore lagt opp etter same leist i alle år. No ynskjer ein at dette kan verta ei samling for heile familien.

På tide å kasta tvangstrøya!

Endeleg ser me at kornaspøkelset er i ferd med å gå i oppløysing! Det har alt for lenge vore ei sann og lammande plage! For det har herja både folk og samfunn på ein måte me ikkje trudde var mogeleg i vår moderne, kunnskapsrike og opplyste tid. Tenk å bli parkerte av eit lite virus! Og så me som har vore på månen og Mars, og som elektronisk reiser jorda rundt på eit nanosekund!

Herman Inge Aadland

Men no er me altså her. Herlege tid, du og eg lever! Me har overlevd! Og dei fleste av oss som ser desse orda, er framleis i stand til å setja fot under oss. Det er faktisk ein stor grunn til takk og glede.

Som samfunnet elles har kyrkja og kyrkjelydslivet også lide under pandemien. Aller verst var det å måta avgrensa deltakartalet ved gravferd. Det var smertefullt for dei pårørande, men det stakk også djupt i hjarta til dei tilsette i kyrkja. Og dette svei ikkje minst her i Fitjar-samfunnet, her behovet for å ta del står så sterkt. Måtte det aldri skje igjen!

Heldig vis var me tidleg på banen med streaming av både gravferder, gudstenester og dåp. Men å fylgja med på ein skjerm kan jo aldri erstatta fysisk nærvære og augnekontakt.

Men no skal me sjå framover! No skal me gjera alt me kan for å fylla kyrkja med fellesskap, liv og glede. Me ynskjer at alle som var «fast inventar» før koronaen, skal finna att plassane sine i fellesskapet. Og me ynskjer rett og slett at alle som har overlevd koronaen, skal komma og vera saman med oss. Me har alle noko å henta i Guds hus! Tenk, me er ikkje mindre enn 2500 menneske som er medlemmer av Fitjar kyrkjelyd! Det betyr at me er minst 2500 eigarar av denne vakre og trygge heimen. No er det verkeleg tid å sjå heimom!

Ingen av oss treng nokon annan og betre grunn for å komma enn at me me høyrer til der. Det er vårt hus! **Og Herren i huset er VÅR HERRE!** Alle har noko å få, og alle har noko å gje i fellesskapet i Guds hus. Og no har me ein ekstra grunn til å komma: Me kan takka for at «pesten» er over og at me lever!

I det siste har me hatt nokre herlege gudstenester med tydeleg auka frammøte, og me har måtta sei til kvarandre: «No byrjar det å likna på noko!», - nemleg slik det var og slik det skal vera.

Kanskje du kan bruka påskekudstenestene som springbrett inn fellesskapet. Ein ting er i alle fall sikkert:

Du er hjarteleg velkommen!

I år vert det familiegudsteneste kl. 11.00 der borna har ein viktig plass. Etterpå vert det høve til å kjøpa mat.

Etter matpausen vil det vera eit tradisjonelt ettermiddagsmøte for dei vaksne, medan det vert arrangert uteaktivitetar for den yngre garde.

Me håpar og trur at dette vil vera ei god ordning som vil kunna samla både store og små, unge og eldre frå heile soknet.



**KRISTI HIMMEL-
FARTSDAG
FOR ALLE
26. mai**



**Roald Drønen &
Roald Evensen**

kl. 1100: Familiegudsteneste i kyrkja
kl. 1230: Sal av mat på bedehuset
kl. 1330: Ettermiddagsmøte bedehuset
Uteaktivitetar for dei yngste

Konfirmant 2022

Laurdag 7. mai kl. 11:00

Tuva Aarbø
Aragon Birkeland
Sebastian Brakedal
Maria Helland Forland
William Seivåg-Hauge
Sander Maraas Heggøy
Nikolai Olsen
Georg Solli
Birk Træet
Trym Træet
Lisa Mjanger Vik

Laurdag 7. mai kl. 13:00

Daniel Livastøl Aga
Hildegunn Olsen Aadland
Sondre Olai Aarskog
Amalie Meinel Bergesen
Anna Fitjar Hjelle
Ørjan Havn Nesbø
Marius Pedersen
Hanne Rimmereid
Mikal Helland Skumsnes
Andrine Thomassen
Markus Tufteland Thomassen

Søndag 8. mai kl. 10:00

Bjart Sandvik Bø
Martin Eiken
Erik Helland Gjørseter
Ivar Hjelman
Emil Helland Koløen
Sindre Skumsnes
Leander Træet

Søndag 8. mai kl. 12:00

Karl Theodor Engesund
Linnea Olsen Heggland
Andrea Våge Helland
Jone Helland Kannelønning
Nadine Gloppen Rimmereid
Lars Olai Solli
Ingeborg Henriksen Sørfonn



”

*For eg veit kva tankar
eg har med dykk, seier
Herren, fredstankar og ikkje
ulukketankar. Eg vil gje dykk
framtid og von.*

Jer. 29, 11



Fitjarweekend på Helgatun

Mellom 50 og 60 personar var med til Helgatun på weekend første helga i april.

Snø var det rikeleg av, slik at alle som ville prøva skia, fekk høve til det.

Ungdomane leika seg i snøen og kosa seg rundt bålpanna om kvelden.

Mange fekk prøva skiferdigheitene i alpinbakken. Andre tok turskia fatt og gjekk høgt til fjells.

Dei mest ihuga nådde Bjørndalskamben 1402 m.o.h.

Fellessamlingar og familiegudsteneste stod også på programmet. Takk til alle for ein flott weekend.

Nokre har allereie merka av 15.-17. april i almanakken for neste år.



Foto: Ole Sandvik

Diakonitur til "Flor og Fjære"

Måndag 30. mai vil Fitjar sokneråd si diakoninemnd arrangera ein opplevelsesrik dagstur til Flor & Fjære i Ryfylke. Plassen på øya Sør-Hidle er ein fargerik og blomstrande park med palmar, eksotiske plantar, strender og vakkert vassfall.

Avreise frå Fitjar bedehus kl. 08.15 med retur til Fitjar ca. 19.00. Bussen tek 48 personar.

Pris pr. pers. kr. 1.000.

Dette inkluderer buss- og båttur, guiding, middag og kaffe.

Påmelding innan 20. mai til:

Fitjar kommune 53 45 85 00 eller
Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264



Strålande konsert i Øvrebygda bedehus



Både aktørarar og publikum storkosa seg.

Søndag 20. mars var ein dag mange av oss hadde gledd oss til i lang tid!

T: Kari Fjugstad Giske - F: Ole Sandvik

Eit band bestående av Harald Rydland, Sigurd André Maraas, Heine Bent Helland, Bjørnar Jakobsen, Arve Rydland og Tom Rydland gav oss akkurat den gode konsertopplevinga som me hadde håpa på.

Dei hadde funne fram eit stort knippe flotte songar av Elvis Presley og Aage Samuelsen. Her var ein fin miks av vekkelsessongane til «Broder Aage» og gospelsongane til Elvis.

Innimellom songane fortalde Roald Drønen litt meir om oppveksten og vaksenlivet til både Aage og Elvis.

Det er lenge sidan det var så mange til stades på ein søndagskveld på Øvrebygda bedehus! I overkant av 80 personar hadde funne vegen, i tillegg til bandet!

Eg er ganske sikker på at ingen angra på at dei tok tu-
ren! Alle eg snakka me håpa at det ikkje blir lenge til neste gong dei lagar til konsert!



Askeladden til Fitjar kyrkje med ny musikk i bagasjen!

Torsdag 28. april kjem bandet Askeladden til Fitjar kyrkje for å halde konsert. Dette er konsert på heimebane for vokalist Johannes Nåden Aadland som trakka sine fyrste steg i prestegarden like ovanfor kyrkja. «Eg gler meg til endeleg å få spela konsert igjen, og ikkje minst gler eg meg over å få gjere det i favorittbygda mi», smiler Aadland.

Konserten har fått det kunstnarlege namnet «Når sant skal seiast – ærlege songar om livet, håpet og kjærleiken». Askeladden har sidan 2011 reist rundt land og strand og spelt frisk jazzpop diksjonert med klingande Fitjardialekt. «Me søkjer å vere livsnære, men med mykje glimt i auga» seier Simon Kleppe Røskeland, som i tillegg til å vere trommeslagar i bandet, skriv mange av tekstane. Røskeland og Aadland gjorde ferdig sommaren 2021 eit mastersamarbeid på Høgskulen på Stord der ein del av arbeidet var å skrive musikk og tekstar til ei plate som etter planen skal gjevast ut hausten 2022. «Midt i pandemihandteringa var det utruleg godt å kjenne at ein framleis kunne skape musikk», seier Aadland før han presiserer at det ikkje berre var lett å få prosjektet trygt i hamn. «På eit tidspunkt skulle me ha eit kor inn i studio, men på grunn av strenge koronareglar måtte me velje ein til to personar på kvar stemme og fleire av oss i bandet måtte tre inn i kor-rekkja igjen for å fylle ut mannsstemmene.» Resultatet vart dei likevel særst nøgde med, og dei gler seg veldig til å vise fram den nye musikken.

Konserten i Fitjar kyrkje blir Askeladden sin fyrste konsert etter korona. Fleire av songane ein får høyre denne kvelden blir uroppføringar frå masterprosjektet til Aadland og Røskeland. «Det er alltid ei spenning knytt til å dele ny musikk. Samstundes har me aldri fått så mange kvalitetssikringar i forkant, seier Røskeland» som fekk kunstnarleg vegleiiing av den røynde musikaren, Tom Roger Aadland. «Det som er sikkert, er at publikum kjem til å få høyre mange forskjellige narrativ, med historier som dekkjer ulike sinnsstemningar, om sorg, glede, mot, resignasjon og ulike forsøk på å finne ut av livet medan ein enno er i det.» Askeladden inviterer publikum til å bli med på ei ærleg, men likevel ukueleg munter musikalsk reise. Dei ynskjer velkommen til konsert den siste torsdagen i april!




Foto: Anne Hardeland



Inntoget i Jerusalem

Glade menneske jubla og svinga palmegreiner då Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel.
Kor mange palmegreiner finn du?



Påskevandring



Me har hatt besøk av barnehagar til påskevandring i kyrkja. Me leika oss gjennom Palmesøndag, vaska føter og åt saman på Skjærtorsdag og høyrde trist musikk på Langfredag. Til slutt på Påskedag pynta me alteret med sjølvlaga papirblomar.

Tusen takk for besøket og ha ei god påske!



Foto: Rolf-Atle Rolfsnes



Foto: Randi Lønning Matre



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finer.no - jantore.aarskog@finero.no



FITJAR
SJØ OG CAMPING

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no



OPRINGSTIDER
Mån,tirs,fre..... 9-16
Ons,tors..... 9-18
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren
hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget **53 49 78 90**
For timebestilling ring:



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58



Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00 www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Faglig tyngde og
godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet

Ledig annonseplass

**FITJAR
SMABAT AS**



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - http://www.fitjarbaat.no



KVERNENES



Sko - Gåver - Leiken

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Ledig annonseplass

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI

SHIP DESIGN



www.heimli.com

Havnavegen 90, Fitjar



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700

Ledig annonseplass

Slekters gang

Døypte:

20.03.

Helene Grov

27.03.

Truls Henriksen

Robin Thorland Helland

Jordfeste:

Magnus Tislevoll

f: 04.01.1958 - d: 09.02.2022

John Sverre Tranøy

f: 14.08.1941 - d: 13.02.2022

Martha Johanna Berte Vik

f: 24.12.1928 - d: 27.02.2022

Elly Karin Haugland

f: 22.09.1955 - d: 13.03.2022

Altartavle Fjelberg

Biletet på framsida av kyrkjebladet er frå altartavla i Fjelberg kyrkje. Motivet er frå innstiftinga av nattverden. Måleriet manglar i altartavla som heng på veggen framme til høgre i Fitjar kyrkje. Fleire som har greie på dette, meiner at nattverden frå altartavla i Fjelberg kyrkje også kan ha vore motivet i altartavla i Fitjar gamle kyrkje. Det var ganske vanleg på den tida å kopiera slike bilete og bruka det i altertavler i fleire kyrkjer.

Gudstenester

14.04	11:00	Skjærtorsdag	Laila Hansen Røksund
15.04	11:00	Langfredag	Laila Hansen Røksund
17.04	11:00	Påskedag	Laila Hansen Røksund
18.04	12:00	2. påskedag (Dåfjorden slipp)	Svein Arne Theodorsen
24.04	11:00	2. s. i påsketida «Barnas påskefest» - familiegudsteneste	Svein Arne Theodorsen
01.05	11:00	3. s. i påsketida	Vikar
04.05.	18:00	Samtalegudsteneste	Roald Drønen/Randi L. Matre
07.05.	11:00/13:00	Konfirmasjon	Roald Drønen/Randi L. Matre
08.05.	10:00/12:00	Konfirmasjon	Roald Drønen/Randi L. Matre
15.05.	11:00	5. s. i påsketida - Årsmøte	Roald Drønen
17.05.	11:00	17. mai-gudsteneste	Roald Drønen
22.05.	11:00	6. s. i påsketida	Vikar
26.05.	11:00/13:30	Kristi himmelfartsdag for alle	Roald Drønen/Roald Evensen
29.05.	11:00	Søndag før pinse	Roald Drønen
05.06.	11:00	Pinsedag	Roald Drønen
06.06.	11:00	2. Pinsedag - Familiegudsteneste i Fitjar-fjellet	Roald Drønen/Randi L. Matre
12.06.	11:00	Treeinings-søndag - Avskilsgudsteneste	Roald Drønen
19.06.	11:00	2. s. i treeiningstida	Roald Drønen

Gudstenester kvar søndag kl. 11.00 heile sommaren

